



Norsk Landbrukssamvirke / Nyheter / Blogg / Dag Jørund Lønning / Landet treng ein heilt ny landbrukspolitikk

Landbruksbloggen



Professor Dag Jørund Lønning mener Norge trenger en helt ny landbrukspolitikk

Landet treng ein heilt ny landbrukspolitikk

03.02.2016

Norsk landbrukspolitikk = å planleggja for avgang

Politikk er å styra samfunnsutviklinga. For å kunna styra, treng ein idé om kvar ein vil og kva veg ein lyt velja for å koma dit.

På det landbrukspolitiske feltet, verkar denne ideen å vera at alt skal bli verre, heile tida.

Der politikk på andre felt handlar om å leggja til rette for vekst og framgang, handlar landbrukspolitikk om å planleggja for avgang, nedgang og tilbakegang.

Talet på bønder skal ned og ned, tilsynelatande i det uendelege.

Ein idrettsminister hadde knappast sluppe unna med ein påstand om at «større produksjon/aktivitet» på idrettssida betyr at talet på idrettsanlegg og utøvarar må reduserast monaleg.

For landbruksministrar verkar dette derimot å vera det mest naturlege standpunkt i verda.

Og reell motbør møter dei lite av. Verken frå politiske motstandarar eller frå sentrale næringsaktørar.

Goldt som i Gobiørkenen

På det landbrukspolitiske feltet er det rett og slett goldt som i Gobiørkenen.

Landbruksmeldingar og landbruksministrar kjem og går. Kvar gong håpar ein på litt nye tankar. Men kvar gong blir det med håpet.

Den sitjande landbruksministeren (som heldigvis verkar mindre ideologidreven enn føregjengaren) vil framstå som ein som appellerer til dei unge. Men kva er budskapet? Jo, nok ein gong: «Færre og større!».

Omsett: «De som skal bli bønder i framtida vil få langt færre yrkesbrør å prata med enn generasjonen i dag har. Mange av dykk vil vera den einaste i eiga bygd. De vil og få meir internasjonal konkurranse, og truleg enda lågare prisar. Men så er det fordelane då: De vil ha mykje større besetningar, arbeida mykje meir, bruka mykje meir tid i traktoren, og ha langt høgare gjeld. Ja, høyrst det ikkje kjekt ut å bli bonde?»

Landbrukspolitikken gjer landbruket mindre robust

Norsk landbruk sin styrke er det mangfaldet som bygdetilknyttinga og det varierte landskapet vårt gjev grunnlag for.

Samtidig har ein politikk for «færre og større» vore ført her i landet, med varierende styrke, i mange år. Denne underminerer effektivt det som er våre føresetnader og fortrinn. Me har difor ein landbrukspolitikk som i praksis gjer det norske landbruket mindre og mindre robust og slagkraftig.

Dette er eit enormt paradoks, eit paradoks ingen verkar å ta tak i.

Ja, det er skilnader mellom dei politiske partia. Der FrP vil ha «langt færre og mykje større», snakkar andre parti om «behovet for ei viss strukturjustering». Men også dette betyr i praksis færre og større, berre ikkje så mange færre og ikkje så mykje større (i alle fall ikkje med ein gong).

Produksjons- og bygdemiljø forvitrar

For skams skuld hevdar politikarane som kjempar for denne nedleggingspolitikken at dei er tilhengarar av levande landbruk i heile landet. Men ute i distrikta er det knappast vanskeleg å sjå at desse to ideane ikkje går i hop.

Det eine produksjonsmiljøet etter det andre forvitrar no i bygde-Noreg. Fleire og fleire stader sit den siste bonden i bygda att. Fleire og fleire stader har også denne siste gjeve opp.

Og kva skjer då? Døyr fe, døyr frendar, døyr sjølv det same, står det i Håvamål.

Les: når landbruket forvitrar, kva er då attraktiviteten ved å bu i bygda? Landbruket skaper bygderommet, det rom all annan aktivitet i bygda føregår i.

Når areal gror att og gardane legg ned, kva er då motivasjonen for å bli verande i heimbygda, kva er då motivasjonen for å flytta til og starta ny næring eller å søkja den ledige jobben på apoteket?

Og kven skal då hausta dei ressursane me vil vera avhengige av i framtida?

Gjeldsbyrda aukar

Og kva med dei sentrale landbruksområda?

Vel, megalomanien er også komen til Noreg (godt hjelpt fram av Sylvi Listhaug). «Tonnasje, stort og effektivt» har blitt idealet for fleire. Då må det investerast. Nokre gongar for mykje. For det ligg ikkje til rette for stordrift hos oss.

Landskapet set grenser, også på Jæren og ved Mjøsa. Sær få kan blir store nok til verkeleg å kunna hausta storskalafordelane.

Resultatet for mange er gjeld, meir gjeld, vakenetter, meir og meir arbeid, mindre tid med familien, øydelagde ekteskap. Inntekter strekk ikkje til, men tilleggsaktivitetar og arbeid utanfor garden, det mangesysleriet som alltid har vore grunnlaget for norsk landbruk, er ikkje lenger mogleg.

Ironien er fullkomen: den som skulle leva av marknaden har blitt gjeldsslave, og er no i staden heilt avhengig av tilskott over statsbudsjettet for å overleva.

Me treng ein brei samfunnsdebatt og nye tankar om norsk landbruk

Me treng ein brei samfunnsdebatt om kva rolle garden, bygda og bonden skal ha i åra framover.

Dette er alt for viktig for snever partipolitikk. Det vedkjem oss alle, uavhengig av kva me røystar ved val.

Det handlar om mat for framtida, om identitet, om historie, tradisjon, om landskapet som omgir oss og som me blir stadig meir avhengige av. Tida er overmoden for nye tankar. Tankar, idear og visjonar som peikar i ei anna retning:

Kva skal til for at fleire, ikkje færre, unge skal velja garden?

Kva skal til for å skapa meir, ikkje mindre, interesse for landbruk og bygdeliv ute i befolkninga?

Korleis kan me stimulera til nysatsing og vidare drift i dei område der landbruket no er i ferd med å bli fasa ut?

Korleis blir me betre til å identifisera, kommunisera og utvikla garden/småbruket og bygda sine mangfaldige naturgitte, sosiale og kulturelle ressursar?

Korleis kan me utvida landbruksomgrepet for å kunna svara på stadig fleire av fellesskapet sine mangfelte behov for varer, tenester og opplevingar?

Berre meir mangfald gjev meir produksjon

Landbruket burde ha potensial til å levera på langt fleire arenaer enn det ein gjer i dag. Skal ropet om «meir produksjon» gje meining og rom for vekst, må det i realiteten omsetjast til «meir mangfald».

For slik var det og slik blir det: berre eit landbruk med mange bein å stå på er «robust», «konkurransedyktig», og, ikkje minst, attraktivt for ungdomen.

Nye idear og måtar å bruka landbruksareala på skal ikkje skytast til jorda som «urealistiske» av dei etablerte, men løftast fram og heia på.

For å sikra oss dei gode initiativa og ideane må desse gjevast rom. Dei interesserte skal få sleppa til, også dei som kjem utanfrå utan odel. Me treng ein politikk som gjer dette mogleg (og det er ikkje å gjera det lettare å omgjera gardsbruk til hytter!).

Det grønne skiftet?

Dette er store visjonar. Store mål. Men er det ikkje det politikk skal handla om, overordna styring?

La oss setja oss desse store måla, for så å omsetja kvart av dei i form av tiltak som gjev reell lokal medverknad og involvering frå mange.

Først når me får til dette vil det gje meining å snakka om «det grønne skiftet».

Norsk Landbrukssamvirke

Schweigaards gate 34 C
Postboks 9347 Grønland, 0135 Oslo

Telefon: 22 05 47 00

E-post: post@landbruk.no

Kopirett © Norsk Landbrukssamvirke | Bruk av cookies